



Mellom Austrheim kommune og Mikal Krossøy, eigar av gnr. 164 bnr. 7 i Austrheim er inngått følgjande avtale.

A. FORMÅL

Avtalen gjeld for Selsøy med tilkomst, skilting og tilrettelegging av møteplass, tursti til toppen av øya til oppattbygd hytte (Risor II), utedo, tursti til husmannsplassen, ~~og bryggje~~ *og flytebyggjes-
lagerbygg*

B. TILKOMST

Sti til hytta og husmannsplassen vert laga etter avklaring med grunneigar, og stien vert rydda for kratt med kvisting av trestammar og svilling av myr.

C. BYGNINGAR OG ANLEGG → *Sjø vedlegg*

På toppen av Selsøy er det gitt lyve til å bygge hytte. Hytta er så lik som mogleg den som vart bygd i 1944 og gjorde teneste under andre verdskrig. Hytta skal nyttast til å vise aktivitetar knytt til lyttestasjonen RISOR. Det er også oppført utedo og bryggje.

D. SKILTING

Austrheim kommune har rett til å skilta/merka tilkomst, hytte og husmannsplass.

E. ANSVAR

Sti og bryggje skal ikkje hindre naturleg utnytting av eigeidomen. Austrheim kommune pliktar å halde ved like og rydde anlegget for avfall og søppel. Dersom personell engasjert av Austrheim kommune, skadar areal utanom løypebredde, kan grunneigar krevje vederlag. Storleiken på vederlaget vil vere fastsett ved avtale etter råd frå skogtilsynet.

F. VEDERLAG

Tilrettelegging og bruk av *flytebyggjes* bryggje, sti, møteplass, hytte, *lagerbygning* utedo, husmannsplass og badeplass er vederlagsfritt.

G. LENGD

Avtalen gjeld i 10 år frå 01.05.2014, *24. med opsjon om forlenging til 2044* og innan 3 månader før avtalen går ut skal ein forhandle om fornying av avtalen.

H. NYE TILTAK

Eventuelt nye tiltak må avklarast med grunneigar.

I. ANSVAR VED OPPHØYR

Dersom avtalen opphøyrer, må partane drøfte opprydding og evt. fjerning av bryggje og hytte m.m. Austrheim kommune skal koste opprydding/fjerning.

J. USEMJE – AVTALE OM UTENRETTSLEG MEKLING

Ved usemje skal tvisteløven sine reglar om utanrettsleg mekling nyttast, jamfør tvistelova kapittel 7.

24
Per
ordfører Austrheim kommune



26 16 -2014
Mikal Krossøy
grunneigar